

Sil

Borgny



på brudlaupsdagen,  
9. september 1950.

Tone. Det var en aften at jeg gikk...

Idag før aller fyrste gong  
me helsar Borgny med ein song,  
og skimtar minneblenk frå åri som er farne.  
Frå den høgtidsame stund,  
då du triveleg og rund  
heldt ditt inntog i vår heim som fyrste barnet.

Du kan tro me fegnast då  
du fyrste smilet let oss sjå,  
men du lærde ogso kunsten til å skrika.  
Etter kvart so kom du på  
å læra krypa, stå og gå,  
slikt eit gjentebarn må alle kunna lika.

På vokster vart du nokså stor-  
i det du liknar på di mor,  
nokso tidlegt laut du vera laupestikka.  
Springe erend til og frå,  
passa dine syskin små -  
hjelpa mor å gjeva beisti mat og drikka.

I skulen gjekk det nokso greidt  
for svar du sjeldan sto i beitt -  
du stod på høgdi med dei aller - aller fleste.  
Det var so tydeleg å sjå -  
du hadde "godt å likjast på".  
I friminuttane du og var med dei beste.

So pass mykje fekk du lært,  
at du snart vart konfirmert,  
men du var nok ikkje trøytt av skulepulten.  
For med skrìveblokk og bok  
ungdomsskulen so du tok.  
Der du ville stilla verste kunnskaps svulten.

Medan soleis åri gjekk -  
auga på ein gut du fekk,  
og me skyna at for deg han var den rette.  
Ingolf Hellem heitte han  
og idag han er din mann.  
Me vil tru at Herren Gud har vilja dette.

Me eit ynskje kjenner på,  
at det godt med dykk må gå -  
kvar ein levedag i heile dykkar buhad.  
Mot kvarandre vera tru,  
i Guds barnesamfunn bu.  
Og i tru på Jesus vinna livsens krana.

Mor og Far.